

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:
Tal prenta vedlegg: *
Tal uprenta vedlegg: *

Leiarvervet for Vestlandsrådet i 2006

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Rogaland fylkeskommune har leiarvervet for Vestlandsrådet i 2006

Prenta vedlegg: Brev med vedlegg frå fylkesordføraren i Møre og Romsdal datert 02.11.05

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Bakgrunn

Vedtektene for arbeidet med Vestlandsrådet legg opp til at sekretariatsansvaret skal skifte med skifte i leiarfunksjonen i rådet. Vedtektene §§ 5 og 9 regulerer dette:

§ 5 Leiarvervet og arbeidsutval

Leiarvervet skal alternere mellom fylkesordførarane i dei deltakande fylkeskommunane med periodar på om lag eit år av gangen. Rådet kan avvike dette dersom det er særlege grunnar, t.d. for å tilpasse leiarskapen fylkestingsval.

§ 9 Sekretariat

Fylkesrådmennene i dei deltakande fylkeskommunane er sekretariat for rådet. Fylkesrådmannen i den fylkeskommunen som til ei kvar tid innehar leiarvervet, har innstillingsrett til rådet og er leiar av sekretariatet.

For 2006 er det Møre og Romsdal som står for tur til å overta leiarvervet.

I eit saksframlegg til fylkesutvalet i Møre og Romsdal gjev fylkesdirektøren slik vurdering:

”Fleire forhold gjer det noko problematisk for Møre og Romsdal fylke å ta leiarvervet:

- Ein stor del av aktiviteten i Vestlandsrådet er retta mot forsøket om alternativ organisering av statlege oppgåver innanfor vegsektoren. Møre og Romsdal fylke deltek ikkje i dette forsøket, og ser det som vanskelig å leie rådet generelt og samferdselsgruppa spesielt for desse aktivitetane. I tillegg er Møre og Romsdal del av ein annan vegregion.
- Møre og Romsdal fylke byggjer samarbeid og partnerskap i mange retningar. I tillegg til medlemskapet i Vestlandsrådet er Møre og Romsdal i ferd med å utvikle eit samarbeid med dei to trøndelagsfylka om m.a helse og veg i samarbeidsforum Midt-Norge.
- Møre og Romsdal har eit anna syn på prosess og innhald på framtidens regionale nivå enn dei tre andre fylka i rådet.. I motsetnad til dei andre tre fylka er Møre og Romsdal klart imot både å utgreie eit eventuell nytt folkevalt nivå for Vestlandet og innhaldet i ein slik modell. Møre og Romsdal fylke ser ikkje behovet for å endre dagens fylke, men har brei lokal støtte for einskapsfylkemodellen, i kombinasjon med interregionalt samarbeid, som framtidens organisering av det regionale nivået.

Med så ulike ståstader ser Møre og Romsdal fylke det ikkje som ønskeleg å ta leiarvervet i 2006.”

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal gjorde i møte 19. september 2005 følgjande vedtak:

”1. Saka blir utsett. Med bakgrunn i dei sakskompleksa som kjem fram av saksutgreiinga, vedtek fylkesutvalet at det vert innleia samtalar med dei andre fylka om korleis denne saka best kan løysast.

2. Med bakgrunn i desse samtalanene vert saka å leggje fram for fylkestinget til endeleg avgjerd.

3. Til forhandlingsutval blir oppnemnt:

Fylkesordføraren
Olav Bratland

Fylkesdirektøren"

I saksframlegg til fylkestinget i Møre og Romsdal heiter det:

"Forhandlingsutvalet som vart nedsett, Olav Bratland, fylkesdirektør Ottar Brage Guttelvik og fylkesordførar Jon Aasen drøfta saka med dei andre politiske og administrative leiarane i Vestlandsrådet på møtet den 29. september i Stavanger.

Tilbakemeldingane var ikkje eintydige, men ingen var imot haldninga frå Møre og Romsdal.

Rogaland er dei som mest er på line med tilrådinga til vedtak. Dei ser heilt klart problemet med lojalitet og habilitet.

Hordaland har også stor forståing for vårt syn, og meiner det er greitt at Møre og Romsdal finn å ikkje vil ta leiarvervet komande år.

Sogn og Fjordane gav uttrykk for at for dei er det viktig at Møre og Romsdal held fram som medlem, og dei frykta at vår vegring skulle føre til utmelding. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har samanfallande interesser i Vestlandsrådet og truleg ser dei oss som ein alliert mot sterkare krefter sørfrå utan at det vart sett ord på.

Vedlagt følger notat frå medlem i forhandlingsutvalet, Olav Bratland."

Notatet frå Bratland ligg i vedlegget til denne saka.

Fylkestinget vedtok under sak T-55/05 A - VESTLANDSRÅDET - SEKRETARIAT
følgjande:

"Møre og Romsdal fylke ønsker også i fremtiden et godt samarbeid i Vestlandsrådet med de andre fylkeskommunene og er villig til å ta sin andel av de retter og plikter som dette medlemskapet medfører.

Med bakgrunn i det utredningsarbeidet som nå foregår i Vestlandsrådet om en fremtidig vestlandsregion og de samtaler som er ført, vil en likevel se det som mest naturlig at Møre og Romsdal avventer med å overta ledervervet og sekretærfunksjonen i rådet til 01.01.07."

Vurdering

Fylkesrådmannen tek til orientering vedtaket i Møre og Romsdal fylkesting der dei ber om utsetting av overtaking av leiarvervet og sekretariatsfunksjonen for Vestlandsrådet til 01.01.07.

Då Rogaland fylkeskommune vil vere neste fylkeskommune til å ha leiarvervet, finn ein det naturleg at dei overtek dette i 2006.